



Vil bakar Peder bli den neste ordførar? Stortingsrepresentant Peter Christian Frølich lytter.

**På Høgrelista med 41 namn er det førebels 4 frå Uskedalen. Partiet har som målsetjing å auka talet på representantar frå 11 til 15 og då få med med minst ein frå Uskedalen. Det seier leiar i nominasjonskomiteen Gunn Mari Moberg, som no takkar for seg i politikken. Dered aukar sjansane for at vår bygd kan verta representert i kommunestyret også dei neste 4 år. Dei partia som så langt har nominert har i stor grad unngått uskedelingar. Korkje Arbeidarpartiet eller Kristeleg Folkeparti har nokon herifrå til listane sine og Venstre har 2 med beskjeden plassering. I perioden som no går ut var det 5 uskedelingar blant dei folkevalde, men ingen av dei tek attval**



[Leif Sverre Enes held fram i politikken](#)

Høgre har utsett nominasjonsmøtet sitt til onsdag 25. februar for at medlemmene skal få meir romsleg tid til å førebu seg. Møtet skal haldast på Kvinnherad Vekstbedrift i Uskedalen. Partiet har for lang tid sidan nominert ordførarkandidaten sin, bakar Peder Sjo Slettebø frå Sæbøvik. Medrekna han er det 3 kumulerte og dei 2 andre er veteranen Leif Sverre Enes frå Ænes og partiets nye topp-politikar Kari Bruntveit. Ho er busett på Sunde og jobbar i Harding.

Fremst av uskedelingane er Oddbjørn Kroka, mest kjent som mannen bak Ospelunden, som har fått niandeplassen. Andreas Tarberg er nummer 21, Steinar Kroka nummer 24 og Espen Zimmer nummer 33. Vi merkar oss elles at partileiar Øyvind Lernes har fått fjerdeplassen og at tidlegare ordførar Bjarne Berge er nummer 8 og kyrkjevevja Erlingur Nielsson nummer 10. Ankermann på lista er Arne Presthus. Leiar Moberg meiner at lista har ein god geografisk spreing.

Uskedelingane på Venstrelista er Kristian Olav Bringedal og Kjell Yri. FrP og Sp har ikkje nominert. Kanskje også dei har nokon uskedelingar på lur?

Tekst foto og nett: Ola Matti Mathisen